



Ein av bukkane fotografert av Lars Wang.

Denne dagen vart ikkje heilt som vanleg for utflytta bussjåfør Lars Wang frå Uskedallen, som no bur i Rosendal.

**Då han henta bussen i garasjen ved Baroniet vart han var at det romsterte noko frykteleg på utsida av bussen.
Då døra vart opna, sto to geitebukkar der og ville inn.**

bt.no fortel at Lars hadde eit svare strev med å få dei ut av bussen. Til slutt måtte han sparke dei ut. Då dei var vel ute, kunne han starte på turen til Årsnes og tilbake.

Men bukkane gav seg ikkje så lett, dei sto på busstoppet i sentrum då bussen var tilbake etter ein time. Dei hoppa inn med det same døra vart opna og fleire passasjerar måtte hjelpa til med å få dei av.

Wang fortel at dei lukta fælt og dei kunne ikkje ha dei på bussen. Etterpå prøvde bukkane også å koma seg inn i rådhuset og tilsette måtte få dei ut før eigarane vart varsla og tok seg av dyra..



Det vart ein annleis dag for Lars Wang